



Styre, utval, komite m.m	Møtedato	Saknr
Eidfjord formannskap	03.11.2021	21/154

Oppstart av detaljreguleringsplan for tilkomstveg til VA-anlegg på Fetaleitet - gnr. 19, bnr. 2

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-3 startar Eidfjord kommune opp arbeid med detaljreguleringsplan for tilkomstveg til VA-anlegg på Fetaleitet.

Kommunen skal sjølv utarbeide planen og tilhøyrande plandokument.

Det vert samstundes varsla oppstart av detaljreguleringsarbeidet i medhald av pbl. § 12-8.

03.11.2021 - Eidfjord formannskap

Røysting:

Samrøystes vedteke.

FSK - 21/154 - Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-3 startar Eidfjord kommune opp arbeid med detaljreguleringsplan for tilkomstveg til VA-anlegg på Fetaleitet.

Kommunen skal sjølv utarbeide planen og tilhøyrande plandokument.

Det vert samstundes varsla oppstart av detaljreguleringsarbeidet i medhald av pbl. § 12-8.

Vedlagt:

Kartusnitt som syner planavgrensinga, kartusnitt som syner planavgrensinga i høve til eksisterande regulering, oversiktskart.

Vedtaket skal sendast til:

Varsel om oppstart skal kunngjerast på kommunens heimesider og i Hardanger Folkeblad. Råka mynde, gruneigarar, festarar og rettigheitshavarar skal varslast direkte.

Endeleg avgjerd i:

Planutvalet

Saka gjeld:

Eidfjord kommune har dei siste åra bygd VA-anlegg på Fetaleitet, gbnr. 19/2. I samband med dette er det behov for veg til den eine pumpestasjonen. Då arealet i dag er regulert friluftsføremål, er det er behov for å regulere tilkomstveg til pumpestasjonen. I samband med arbeidet med VA-anlegget er det laga ein mellombels anleggsveg.

Planarbeidet er ei endring av eksisterande plan, Detaljplan for Fet (planid. 2013002) og det vert brukt interne ressursar på utarbeiding av planen.

Vurdering:

Administrasjonen ser på det som naudsynt å regulere området for pumpestasjonen for å kunne lage permanent tilkomstveg til anlegget. Ein tilkomstveg er naudsynt ved vedlikehald og anna arbeid med stasjonen.

Planområdet er i dag regulert til friluftsføremål i gjeldande reguleringsplan, Detaljplan for Fet (planid 2013002), og til fritidsbustad i kommunedelplanen for Sysendalen.

Geir Underhaug
rådmann

Friis, Rebecka
sakshandsamar

Rett utskrift: